

Lidar sokneråd

Bygdinvegen 1989

2940 Heggenes

04.11.2014

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Lidar sokneråd handsama i møte 04.11.14 sak 26-14

Høyringsvar – Staten og Den norske kirke – et tydelig skille

Følgjande vart einstemmig vedteke:

Soknerådet merker seg med glede at Kulturdepartementet legg vekt på å lovfeste statlege overføringar til kyrkjelege organ som svarer til dagens statlege finansiering. Vi er glade for at departementet legg vekt på at det fortsatt skal være ei landsdekkjande folkekyrkje. Det er difor med ei viss uro at vi i innleiinga til høringa les at ei einheitleg lov om trus- og livssynssamfunn kan ende med ei medlemsfinansiering. Ei finansiering ved medlemsavgift vil undergrave kyrkja sitt vidfamnande preg, og integrerte del av mange lokalsamfunn.

Vi vil og gjere merksam på dei uheldige verknader ved å definere kyrkja som eit kva som helst trus- og livssynssamfunn. Det er ein definisjon som usynleggjer og definerer bort kyrkja si historiske, kulturelle og samfunnsintegrerte rolle. Eit trussamfunn skildrar eit samfunn av «truande», med vekt på religionens personlege forhold, og det ser heilt bort frå den samfunnsintegrerende, og samfunnsbyggjande funksjon kyrkja har i mange lokalsamfunn, ikkje minst synleg ved gravferder og kriser. Ved å verta usynlege vert desse funksjonane og svekka.

Fordi kyrkja har så viktig ei samfunnsrolle, og fyller så mange samfunnsoppgåver må kyrkja for framtida få den sær handsaming som gjer at ho kan fortsette å ha desse funksjonane.

Vi er glade for at soknet skal fortsetja å vera kyrkja si grunneining, og at alle sokn skal ha rett på sin eigen prest. Eigen prest, eige sokneråd sikrar nærleik og tilhøyre til kyrkja.

Lidar sokneråd.